



Festidalen får ei storslagen ramme på Dønhaug (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det blir Festidalen i år men festivalen blir på Dønhaug, og ikkje der han har vore avvikla hittil.

Dette blir no endeleg bekrefta av styremedlem Bjarte Døssland i Kvinnheringen. Han uttaler at han håper å få på plass ein avtale med Magne Huglen.

Etter kva uskedalen.no erfarer er det førebels ikkje klart kor festivalområdet blir, men det er fleire veleigna alternativ. Huglen stiller seg svært positiv til planen,

Romjulsfesten på låven var svært vellukka med ei inntekt nær 150 000 kroner og 450 bilettar selde. Det tyder fullt hus, og var ein svært lovande opptakt til det som skal skje seinare dette året.

Døssland seier det gav ein god peikepinn på at mange er interesserte i at det skal lagast ein festival i år.

Fleire grupper jobbar med alt frå booking av artistar til marknadsføring og praktisk planleggjing.

AV Ola Matti Mathisen